

Referat frå styremøte i Herand Bygdelag

13. juni 2017 kl 19 i Herand Kulturhus

Deltakarar: Kenneth Vikane, Una Eiken, Marit Huus, Lars Sævarhagen, Olav Bernt Strømsnes, Gunnar Dalseth, Martha Samland (1. vara). Marna Roer i landskapsparkgruppa var innkalla og tok del under sak 45.

Forfall: Kaia Gulbrandsen

Referent: Gunnar

Sakliste

Sak 2017/43 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Godkjend, med retting av dato i innkalling frå 13. mai til 13. juni

Sak 2017/44 Godkjenning av referat frå styremøte 9 mai 2017

Godkjend

Sak 2017/45 Statusrapport for landskapsparkgruppa

Marna informerte om arbeidet i gruppa. Det skjer mykje for tida med ein del bussar med norske turgrupper på besøk for sightseeing / guiding og servering. Una og Marna set saman pakkar med tilbod. Gruppa har ei ubrukt løyving på 40.000 kroner frå før frå kommunen for kulturstien som må brukast før 1. april 2018, og arbeider med å sette opp 10 fleirspråklege informasjonsskilt langs stien. Dei arrangerer også rydding / slått langs stien med hjelp av midlar stilt til rådvelde av Jon Steinar Skeie. Det blir også arbeidd med nye brosjyrar for kulturhistorisk samling og helleristingane, og med eit nytt kart over bygda for turistar og besøkande. Kulturhistorisk samling kan utvidast med nye informasjonsskilt.

Gruppene med bussturistar utviklar seg til å bli eit større tiltak. Styret ser at dette kan evaluerast over sommaren, og at det eventuelt kan etablerast eit eige driftsselskap for dette.

Sak 2017/46 Status pågåande prosjekt og søknader og ymist anna

- Filmprosjekt over båtbyggjartradisjonane: Fått løyving på kr 40.000 frå besøkssenteret for Folgefonna nasjonalpark / Innfallsportar
- Lønsmidlar for vakter i kulturhistorisk senter: Fått løyving på kr 10.000 frå besøkssenteret for Folgefonna nasjonalpark / Innfallsportar
- Driftsstønad frå Jondal kommune: Fått løyving på kr 39.000 for 2017
- Vipps-abonnement er oppretta og kan takast i bruk
- Bankkonto for 17.maikomite er flytta til Bygdelaget. Den har vore registrert i banken på eit midlertidig organisasjonsnummer, og banken ynskte at den ordninga skulle avsluttast. Kasserar for komiteen vil få tildelt alle bruksrettar for kontoen når komiteen kvart år har konstituert seg. Bygdelaget vil som før vere garantist for økonomien på 17. mai, medan komiteen er uavhengig av bygdelaget.
- 17. mai vart gjennomført med eit forventa overskot på om lag kr 2.000 eller mindre.

Sak 2017/47 Leigeavtaler

LiBe Fair Trade er ein nettbutikk for klesprodukt der eigaren planlegg å flytte til Herand, og ynskjer å leige rom i kulturhuset i den tidlegare barnehagen.

Styret godkjenner framlegg til leigeavtale med LiBe Fair Trade frå 1. juli. TreTradisjon og Silvio Eckl flytter sine lager til andre deler av huset.

Sak 2017/48 Planlegging av jubileumsfest i oktober

Vi har spurt nokre om å bidra med underhaldning, men har fått nei. Styret drøfta andre forslag. Arrangementsgruppa og Gunnar vil ta det vidare og spørje dei som er foreslått.

Sak 2017/49 Eventuelt

Herandshelg – planlegginga går OK

Endringar i styret – Marit Huus flytter til Austlandet og går ut av styret. Marta Samland rykkjer opp som styremedlem, og Sigmund Eiken som 1. vara.

Vi takkar Marit Huus for verdifull innsats, særleg i å lage til ymse tilstellingar – og ynskjer henne lykke til vidare!